INFORMASJON

Eit magasin frå Eidfjord kommune 2 | 2021 | Årgang 22

# EIDFJORD NYTT



**Opning av ny brannstasjon**

**Kinofilmer i desember**

**Nissejakt med jolekort**

**Branntryggleik i jola**

Hellehalsen. Foto: Gunnhild Sandvin

# - Ordføraren har ordet -

**Glasgow Climate Pact, resultatet av årets klimatoppmøte i Skottland, er eit forsøk på å følgja opp Parisavtalen frå 2015. I 2015 sette verdas land mål for å takla klimakrisa. På årets toppmøte i Glasgow forsøkte landa å finna måtar å nå måla frå 2015. Det vart ein avtale i Glasgow, men den er skjør. Det kjem til å verta krevjande å nå måla ein har sett seg.**



Eitt av tema på Årets Hardanger-konferanse, arrangert på Quality Hotel Vøringsfoss, var: «Endringar kjem – kva krav stiller det til oss?» Aldrande befolkning, endringar innan industri og reiseliv, og lovnader i klimaavtalane var vinklingar som kom opp på årets konferanse.

Det grøne skiftet og klimaendringar, kva krav stiller det til oss i Eidfjord og Hardanger? Kva kan me gjera med det? Det kjem til å påverka oss, me kjem til å merka det. Korleis me vel å tilnærma oss det grøne skiftet, kjem til å bety mykje for kor attraktive me kjem til å vera som lokalsamfunn og som region.

## Eit døme

Er den måten besøkande frå Tyskland kjem til Eidfjord på i dag berekraftig og innanfor dei klimaforpliktingar me har gjort? I dag kjem dei fleste til Eidfjord og Hardanger med privatbil eller bubil. I dag har tyskaren eit reelt nullutslepps-alternativ i batteribilar. Det er eit eksempel på eit grønt skifte. Eg trur batteribilar og tilrettelegging for desse har vore eit riktig grep, sjølv om eg anerkjenner at elbilar og batteri ikkje er utelukkande positivt.

Undersøkingar visar at det ligg eit stort potensiale i å få dei som besøker Eidfjord til å vera her ei natt ekstra. Det at ein no har eit reelt nullutsleppsalternativ til å koma seg til Eidfjord i batteribilen er flott, men det endrar ikkje måten ein reiser på vesentleg. Kva kan me gjera då?

Me kan gjera det enkelt å koma til Hardanger utan bil. Om du planlegg sommarferien eit halvt år i forvegen og ynskjer å kjøpa ein billett på eit kollektivt tilbod er ikkje det i praksis mogleg. Via EnTur er det ikkje mogleg å bestilla meir enn fira månadar fram i tid. Kollektivtransporttilbodet er ikkje tilpassa korleis og kor tid ein bestiller fly og overnatting.

Hadde me klart å få fleire til å velja kollektivbod gjev det oss også ei mykje større mogelegheit til å visa fram kva me har av tilbod hjå oss, både i forkant og undervegs på reisa. Sjansen for å få dei til å stoppa ei natt ekstra aukar når det er problemfritt å endra reisa.

Me fekk presentert eit veldig spennande initiativ på Hardangerkonferansen i år for å gjera Hardanger meir tilgjengeleg med kollektiv transport. Dette initiativet heiar eg på. Det kan verta eit Kinderegg dersom det vert realisert på rett måte.

Det kan gje oss fleire gjestar som kjem på ein meir berekraftig måte, som brukar meir tid og som brukar fleire av tilboda våre. Det kan danna grunnlag for fleire tilbod me fastbuande òg kan nytte oss av, og som vil skapa ein større arbeidsmarknad. Ein større og meir variert arbeidsmarknad kan òg gjera det meir attraktivt å busetja seg.

Men, per i dag vil ein då gå vekk frå det nullutsleppsalternativet for å koma seg til Hardanger. Nullutslepp for langdistansebuss og hurtigbåt er framleis ikkje eit reelt alternativ for å koma seg til Hardanger. Det vert jobba godt med det, og anbodsprosessar er med å stimulera til ny teknologi. Eg trur det ikkje er lenge til me òg ser kollektive nullutsleppalternativ både på fjorden og over Hardangervidda.

Dette er eit eksempel på at det grøne skiftet gjer moglegheiter. Tek me dei og klarar å omsetja dei i praktiske og lønsame endringar vil me lukkast. Om det vert meir enn eit initiativ vil tida vise, men me treng mange slike initiativ for at me skal lukkast. Eg har trua, og eg vil heia på dei initiativ som visar veg i det grøne skiftet.

**God jol og godt nytt år.**

Anders Vatle
-ordførar-

# Innhald


4 Arbeidslivsfag og vasskraft på Lægreid skule

5 Helsestasjonen er flytta inn i nye lokale

6 Kino i desember

6 Juniorklubb

7 Klimatoppmøte i skulen

8 Hardanger Matkulturfestival Eidfjord

9 Jarand Høynes Lekve (28), ny sosialleiar i Eidfjord

11 Molte og Tyttebær i Modnen barnehage

12 Foreldremøte i Modnen barnehage

13 Slik får du ei branntrygg joletid

14 Nytt frå Eidfjord fjellstyre

17 Sysendalen løypelag er klar for ny sesong

18 Skuleløp til inntekt for TV-aksjonen 2021

19 Røyrleggjarlærling

20 Fylkesvinnarar i Beintøft

22 På nissejakt med jolekort

24 Opningstider i jola

24 Trafikksikringstiltak Lægreid skule

26 Opning av ny brannstasjon

28 Sjekk eigenberedskapen din

29 Beredskap i heimen

30 Oppstart med skulemat i oktober

31 Øvre Eidfjord Grendalag

31 25-års jubilant i Eidfjord kommune

33 Bestillingar Eidfjord Cruisehavn 2022




Foto: Gunnhild Sandvin


**EidfjordNytt**
vert utgjeven av
Eidfjordkommune,
5783 Eidfjord

**Heimeside:**
www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00
Fax: 53 67 35 75
**Epost:**
postmottak@eidfjord.kommune.no

**Redaksjonsnemnd:**
Eidfjord Kommune

**Grafisk Produksjon:**
VOSS PRENTEVERK AS

MILJØMERKET 2041 Trykksak 0699

# Om arbeidslivsfag og vasskraft på Lægreid skule

Tekst og foto: Liv Synnøva Myrvang

**Arbeidslivsfag er eit alternativ til framandspråk eller språkleg fordjupning, og eit tilbod til elevar som ønskjer å arbeida praktisk og prøva ut interessene sine for yrkesfagleg opplæring.**

I haust har elevane i 9. og 10. klasse laga sitt eige vasskraftverk. Dei laga turbinhjul av tre og felte inn treskeier som skovlar. Dette vart spraylakkert for at det skulle tola vatn betre. Deretter vikla dei kopartråd og monterte magnetar. Turbinhjulet vart så montert inn i ein plastboks med hol på sida og i botnen, slik at vatn kan transporterast ut og inn, før dei festa generatoren på utsida av boksen. Til slutt kopla dei til ljosdiodar. Alle fekk ljos i diodane sine!







### Kort om vasskraft:

- Vatnet har ein potensiell energi når det ligg i eit magasin høgt oppe i fjellet.
- Denne energien vert omdanna til rørsle-energi når vatnet kjem med stor fart inn på turbinhjulet.
- Rørsle-energien vert så omdanna til elektrisk energi i generatoren: Når magnetfeltet passerer vikletrådane vert det framkalla ein elektrisk straum. For at dette skal kunna skje, må det vera ein slutta krets. Dess fleire viklingar, dess høgare spenning

I desse mini- kraftverka er spenninga på ca. 3 volt.

# Helsestasjonen er flytta inn i nye lokale

Tekst og foto: Anne Myklatun

**Helsestasjonen flytta ut av sine lokale for 1,5 år sidan grunna Covid. Me har sidan då vert i midlertidige lokale.**



No har me flytta inn i nye fine lokale, hurra, hurra!

Dei nye lokala er det som tidlegare var tannlegekontoret i kommunehuset. Her har me fått eit fint venterom og eit fint kontor og nærleik til legekontoret.

Brukarane er no velkomne innom både til konsultasjonar og for å amme i ro og fred eller å bytte ei bleie.

Venleg helsing frå helsesjukepleiar Anne Myklatun



### Helsestasjonen er open:

**Måndag** 08:00 – 15:00

**Tysdag** 13:30 – 15:00, har skulehelseteneste fra 08:30 – 13:30. Er på kontoret på skulen.

**Onsdag** 08:00 – 15:00

**Torsdag** 08:00 – 15:00

**Fredag** 13:30 – 15:00, har skulehelseteneste fra 08:30-13:30. Er på kontoret på skulen.

# Kino i desember

Eidfjord kommunale kino har følgjande filmer i desember 2021.
Meir informasjon om filmane kjem på kinoens facebookside, og du finner info på www.filmweb.no.
**Kinoen er stengt i jol- og nyttårshelg.**




Sundag 12.desember, kl 18.00

**CLIFFORD – DEN STORE RØDE HUNDEN**

*Eventyr/Animasjon/komedie*




Sundag 19.desember, kl 18.00

**ENCANTO**

*Eventyr/Animasjon/ Familiefilm/Barnefilm*




Sundag 5.desember, kl.18.00

**KARL-BERTIL JONASSONS JULAFTEN**

*Barnefilm/Familiefilm*




Sundag 19.desember, kl 20.00

**ETERNALS**

*Action/Sci-Fi/Superhelt film*




Sundag 5.desember, kl 20.00

**GOSTBUSTERS – AFTERLIFE**

*Action/komedie/Fantsy*




Sundag 12.desember, kl 20.00

**WEST SIDE STORY**

*Krim/Drama/Musikal*

---

# Juniorklubb

**Det vert juniorklubb for born i 1. – 4. klasse på Sæbø skule i Øvre Eidfjord.** Klubben vert held torsdagar kl. 17:30–19:00 med oppstart 4. november. Juniorklubben er foreldrebasert. Kontaktperson er Helene Bratland. På klubben kan du:

- Leika i gymsalen
- Spela brettspel
- Teikna og måla
- Byggja lego
- Spela biljard og bordtennis



# Klimatoppmøte i skulen

Tekst og foto: Liv Kristoffersen

**Kvart år møter leiarane i verda under FN sitt klimatoppmøte for å finna ei løysing på klimautfordringane. Når dette innlegget vert skrive, er klimatoppmøtet i Glasgow godt i gang.**

Gjennom opplegget Klimatoppmøte i skolen (tekna.no), arbeider elevar med kompetansemål i naturfag, samfunnsfag og norsk. Ungdomstrinnet ved Lægreid skule gjennomførte opplegget med klimatoppmøte i haust.

Opplegget er eit rollespel om klimaforhandlingar og vart gjennomført på ein skuledag. Elevane på ungdomstrinnet lærte om global oppvarming og internasjonale forhandlingar. Rollespelet utfordra elevane til å setja seg inn i situasjonen til ulike partar og å argumentera ut frå ulike ståstader.

Situasjonen er ulik i industriland, overgangsland og utviklingsland. I tillegg til å få meir kunnskap om klima og global oppvarming, fekk dei øva seg i å utvikla og presentera argument samt å forhandla med kvarandre. I elevane sitt klimatoppmøte vart det forhandla over tre spørsmål. Dei tre emna i møtet var Grøn teknologi, Byrdefordeling og Grønt klimafond.

Elevane vart delt i grupper som representerte Noreg, USA, Kina, Maldivene, Mosambik, oljeindustrien, Zero og media. Alle utanom journalistane hadde ein appell før forhandlingane. Gjennom forhandlingane fekk elevane erfara at det kan vera vanskeleg å verta einige når ein har ulik historie, økonomi og interesser. I oppsummeringa etter klimaforhandlingane, gjekk elevane ut av rollane sine og representerte seg sjølv.

Klimaforhandlingar er komplisert, og det var mykje å setja seg inn i. Likevel var tilbakemeldinga at det var lærerikt, det var kjekt å jobba på denne måten og at dei gjerne vil ha meir av denne arbeidsforma.

# Hardanger Matkulturfestival Eidfjord viser seg fram

Tekst: Marit Stadheim Foto: Trude Rinaldo

Sidan me har måtta utsetja Hardanger Matkulturfestival i 2020 og 2021 grunna pandemien, satsar me på noko nytt: Matkulturfestivalen vil visa seg fram på julemarknaden med «juniorkokkane», der 6. klasse tryllar fram ein trerettar saman med kokken Andreas Skår. I tillegg kan publikum nyta smaken av heilgrilla gris og sjølvsagt tradisjonelle lappar med tilbehør. Me ynskjer å skapa ei fin jolestemning med god prat rundt bålpanna.

Så ser me fram til pinsa 2022. Då har me nemleg planlagt Hardanger Matkulturfestival i nytt format! Det blir ei matkulturløype med ulike aktivitetar rundt omkring i nærmiljøet. I tillegg ynskjer me oss mange lokale og regionale utstillarar og produsentar slik som tidlegare. Tema er UTEMAT. Og det blir sjølvsagt «Ungane sitt kjøken» med spennande matrettar servert av dei unge kokkane.

Følg med på **www.hardanger-matkulturfestival.no** og på Facebooksida vår.

Ynskjer du å vera utstillar, eller veit du om nokon i regionen som ynskjer å vera med?

Ta kontakt på epost **hardangermatkulturfestival@gmail.com**.



Skal det vera ein heilgrilla gris?




Rune Limstrand.



Barna sin restaurant.



# Jarand Høynes Lekve (28), ny sosialleiar i Eidfjord

Tekst: Jarand Høynes Lekve Foto: Sigmund Høynes Lekve

**Det har vært spennende, lærerikt og givende å starte i ny stilling. Jeg har blitt kjent med hyggelige og dyktige kollegaer i kommunen og på NAV-kontorene i regionen. Jeg har blitt tatt godt imot og blitt kjent med ansvarsområdet.**

## Bakgrunn for stillingen:

Master i sosiologi fra Universitetet i Bergen. Har jobbet deltid med sosialt arbeid gjennom hele studietiden. Først fire år som ekstrabetjent i Bergen fengsel, og så to år på Straxhuset i Bergen, som er et lavterskeltilbud for rusmisbrukere. Jeg har også jobbet som lærervikar og som seminarleder på UIB. Jeg hadde sommerjobb i Kartverket før jeg fikk stillingen som sosialleiar i Eidfjord.

## Hva er ansvarsområdet mitt:

Ansvarsområdet er bredt. Kjernen i mine arbeidsoppgaver er saksbehandling etter lov om sosiale tjenester i NAV og økonomi- og gjeldsrådgivning.

Annen kommunal saksbehandling er naturlig innarbeidet i stillingen. Dette medfører kontakt med eksterne samarbeidspartnere som Husbanken, UDI, IMDI og helsevesen.

Et eksempel på dette er bruk av Husbankens økonomiske virkemidler.

Jeg deltar i det forebyggende og tverrfaglige arbeidet i kommunen gjennom oppvekstgruppen og psykososialt kriseteam. Sosialleiar er kommunens kontaktpunkt for flyktninger.

For tiden er jeg også prosjektleder for innføring av nytt saksbehandlingssystem i Eidfjord og Ulvik.

## Hva skal til for å ha en god tjeneste

Tett individuell og helhetlig oppfølgning. God relasjon med brukerne. NAV skal hjelpe mennesker i arbeid og aktivitet, og må skape gode brukermøter for å lykkes.



*Jarand på tur på Hardangervidda.*

For å fungere optimalt må tjenesten ha brukermedvirkning både på system- og individnivå.

Viktig med fleksibilitet og tilgjengelighet - vi har mange møter med brukerne utenom de fastsatte åpningstidene.

For å gjøre en tilfredsstillende jobb i en slik stilling må man ha gode kommunikasjonsegenskaper med ulike mennesker, samtidig som det er viktig å være faglig solid og konsekvent.

## Om meg

Jeg har lenge beundret den ville naturen i kommunen. I min barndom hadde vi hytte i Sysendalen, så jeg er allerede godt bekjent med fjelltopper som Store Ishaug, Berakupen og Hallingehaugane.

For øvrig er bildet fra når jeg krysset Hardangervidda nasjonalpark til fots. Turen gikk fra Garen i Eidfjord kommune, til Haukeliseter i Vinje kommune. Jeg er heldig som har startet i en spennende stilling, like ved foten av fastlands-Norges største nasjonalpark.









# Molte og Tyttebær i Modnen barnehage

Tekst og foto: Kari Ann Myhre Vikane

**Modnen barnehage har me to småbarnsavdelingar som heiter Molte og Tyttebær. På Tyttebær går dei minste borna, der er det no 8 born i alderen 1-2 år. På Molte er det 6 born i alderen 2-3 år. Kvardagen til dei minste borna er fylt med undring, oppdagingar, erfaringar og fine stunder i lag med dei andre borna og vaksne.**

På Tyttebær har det vore ein mjuk oppstart no i haust. Dei har brukt tida på å bli kjent med den nye kvardagen i barnehagen og vorte trygge på dei flinke vaksne som arbeider på Tyttebær. Det er ein stor overgang frå å vera heime med mamma og pappa til å vera i barnehagen kvar dag. Men etter besøk i forkant og tilvenningsperiode finn dei seg fort til rette.

No er kvardagen fylt med å bli kjent med dei andre borna, utforska både måling og alle dei kjekke leikane me har- både inne og ute!

På Molte har hausten bydd på mange flotte turar i nærmiljøet her i Eidfjord. Me har vore svært opptekne av gardsdyr og hatt utallege turar rundt om i nærmiljøet for å sjå på dei flotte dyra. Hestar har me sett både i Tråe og borte i Stangadalen. Samt kyr og sauar på bakkane på Lægreid.

Idrettshallen har og blitt flittig besøkt av moltegjengen- så og sei kvar onsdag har me utfalda oss borte i den flotte hallen med springing, hopping, dansing og dissing. Det er godt å få bruka kroppen vår i fysisk aktivitet i lag med venane våre.

Leiken har ein stor plass i liva våre. Gjennom leiken får me vera kreative og bruka fantasien, me leikar for oss sjølv og saman med andre. Me køyrer bilane både høgt og lågt, byggjer dei høgaste tårna med klossar ein kan tenkja seg til, fortel eventyr med hjelp av konkreter og leikar ut eventyret i etterkant. Me teiknar og målar- og synst ansiktsmåling er det kjekkaste! Då blir me dei mest utrulege ting!

Kari Ann Myhre Vikane
Pedagogisk leiar på Molte







# Foreldremøte i Modnen barnehage

Tekst og foto: Aina Næss

**Denne hausten bestemte me oss for å leggja opp foreldremøte på ein annan måte. Medan det tidlegare har vore mykje informasjon frå leiinga i barnehagen, vart det i år lagt opp til både praktisk jobbing og diskusjon av ulike problemstillingar.**



Me hadde eit ynskje om å synleggjera jobben me gjer, og samtidig la foreldra vera meir delaktige i viktige tema me jobbar med.

**Foreldre vart delt opp i 4 grupper og tema var:**

1. IKT og korleis me jobbar med dette i barnehagen. Her fekk foreldra prøva seg med utstyret me har tilgjengeleg.

2. Gruppeoppgåver om inkluderande barnehagemiljø og korleis me kan forebyggja mobbing. Dette er noko me har jobba mykje med i personalgruppa.

3. Leik i barnehagen. Her vart det vist eit rollespel som etterpå vart diskutert og knytt opp til teori.

4. Prosjektarbeid. Korleis me jobbar med prosjekt på dei ulike avdelingane.



# Slik får du ei branntrygg joletid

Tekst: Geir Ove Pedersen

**Jol og nyttår er høgtid for god mat, levande ljos og peiskos. Men desember er også ein av månadane det brenn mest. Uforsiktig bruk av levande ljos og det å vera uoppmerksam under matlaging, er blant dei vanlegaste brannårsakene i desember.**

Det aller viktigaste er fungerande røykvarslarar og sløkkjeutstyr. 1. desember er røykvarslaren sin dag og ein må hugsa å byta batteri og utføra ein test.

## Komfyren er verstingen

I desember lagar me mykje god mat og brukar kanskje ekstra tid på kjøkkenet. Halvparten av alle bustadbrannar startar faktisk på komfyren.

– Ver alltid i umiddelbar nærleik til kjøkkenet når komfyren er på, seier varabrannsjef i Voss brannvern Geir Ove Pedersen.

## Kjøp komfyrvakt i jolegåve

Eit godt jolegåvetips til deg sjølv eller andre du er glad i, kan vera ein komfyrvakt.

– Me tilrår komfyrvakt til alle, både unge og eldre. Ein komfyrvakt vil automatisk kutta straumen dersom det oppstår en brannfarleg situasjon på komfyren, fortel Geir Ove Pedersen og Aaron Miille, DLE ansvarleg i Hardanger Energi Nett AS.

Skal du fritera mat, som til dømes smultringar, er det lurt å ha eit lokk for handa i tilfelle ein brann skulle oppstå. Ikkje bruk vatn på olje som brenn! Eit anna tips er å reingjera filteret i kjøkkenvifta. Filter som er tette av feitt tek raskare fyr og gjer det lettare for flammene å spreia seg.

– Som tilleggsutstyr kan det vere lurt å ha eit brannteppe eller ein sløkkespray tilgjengeleg på kjøkkenet, legg Pedersen til.



*Foto: Siv Kristin Hovland, Bergen brannvesen*

## Pass på levande ljos

Det er koseleg med levande ljos i førjolsog joletida, men plasser aldri tente ljos i nærleiken av brennbart materiale.

– Ein god regel er å alltid blåsa ut ljoset når du forlèt rommet. Ein skal kanskje berre ein rask tur ut, men plutseleg har ein gløymt heile ljoset! Gå gjerne ein runde før du legg deg for å sjekka at alt er blåst ut, seier Pedersen.

Dei tilrår branntrygge ljos med batteri.



*Vedlikehald av brannslokkingsapparat er viktig.*

## Sjekk joleljosa!

Hentar du fram gamalt joleljosutstyr frå loftet, må du sjekka at det verkar som det skal og at det ikkje er slitasje eller kutt i leidningane. Ljos som skal brukast utandørs må vera spesielt eigna til dette formålet, det same gjeld for skøyteleidningar. Ei skøyteleidning for innandørs bruk kan føra til straumgjennomgang, jordfeil og andre skadar om den brukast ute. Utandørs ljos skal pluggast i stikkontaktar som er montert ute.

Leidningar må ikkje klemmast i dør- eller vindaugskarmar, då kan kabelen ta skade.

– For å vere på den sikre sida er det lurt å slå av all julebelysning når du søv og når du ikkje er heime, seier Aaron Miille, DLE ansvarleg i Hardanger Energi Nett AS.

**Me ynskjer alle ei trygg og god førjolstid!**

Helsing Eidfjord brannvern, Voss brannvern og Hardanger Energi Nett AS.

# Nytt frå Eidfjord fjellstyre

Tekst: Gunnar Elnan Foto: Gunnhild Sandvin

**Reinsjakta:**
Årets kvote var på heile 8000 fellingsløyve med rett til å fella kalv på kvart løyve. Den høge fellingskvoten vart sett for å sikra nok prøvar for skrantesjuke. Mattilsynet og Miljødirektoratet ynskje sikrare tal for mogleg skrantesjuke hjå reinen på Hardangervidda.

Dette resulterte i at statsallmenningen fekk ei kvote på 1094 fellingsløyve (inkl. kalv). Det er felt 366 dyr på fjellstyret sin kvote.

Fjellstyret hadde vedteke å tillata inntil 130 jegerar på statsallmenningen. Å setja tal på jegerar er gjort ut ifrå erfaringane at det lett kan verta mange jegerar samla på ein stad som følgje av lett tilkomst. Denne avgrensinga medførte at fjellstyret satt att med 206 fellingsløyve som ikkje vart selde Fellingsprosenten utrekna frå selde kort vart då 53,7%. Reknast fellingsprosenten frå tildelt kvote vert den på 33,5% Reinsdyra var heilt opp mot Rv7 i delar av jakta, noko som gav god jakt for mange.

**Småviltjakta:**
Rypetakseringa viste bra med rype på allmenningen i haust. Det vart difor opna for jakt. Statistikk frå småviltjakta viser førebels at det er felt 34 fjellryper, 57 liryper og 1 hare frå tilsaman 33 dagsrapportar og 19 vekerapportar. Småviltjakta varer fram til 23.12, så det vil truleg koma inn meir statistikkgrunnlag etter kvart.

**Garnfiske:**
Varmt og fint ver med tidleg vår gav ein god vekstsesong for fisken i fjellvatna. Tilsaman er det rapportert teke opp nær 4,2 tonn aure.

Fjellstyret har selt 104 garnfiskekort, 10 stk har rapportert at dei ikkje har fiska. 12 stk har ikkje rapportert frå sitt fiske. Det har vore lagt ned mykje tid for å prøva oppnå 100% rapportering, men det er opp til den einskilde om han vil rapportera. Fjellstyret set pris på at det vert rapportert og meiner rapportane er viktig dokumentasjon av utøving av den rett til fiske bygdafolk har i vatna i allmenningen. Vidare er rapporteringa eit viktig grunnlag for god forvaltning av vatna.

**Litt tal og kommentar til dei største vatna:**




*Figuren her viser fangst uttrykt i tal aure og kg aure per garndøger. Fangstane har held fram med å gå ned, men er likevel høgare enn snittet for føregåande år.*




*Prøvefiske i Lakjen 2019 viste for mykje småfisk og behov for tynningsfiske. Dei to siste haustane har fjellstyret hatt eit sett med tynningsgarn som kan brukast av garnfiskarar og under reinsjakta. Fangstresultata tyder på at tiltaket har fungert med auka fangstar. Tilbakemeldingane frå friskarane er og at fisken er vorte større og finare.*




*Situasjonen i Nordmannslågen synest ganske stabil, både med omfanget av fisket og utbytte.*




*Utbytte frå fisket i Tinnhølen er gått ned. Tinnhølen føl mønsteret i statistikken for allmenningen samla. Det er ein liten nedgang i fangstane frå dei 3 føregåande åra. Tinnhølen var varm i starten av fisket, noko som verka negativt på fisket. Stongfisket i Tinnhølen synest å ha vorte meir populært dei seinare åra. Til tider er nok dette ganske effektivt og utgjer ein del av den samla avkastinga frå Tinnhølen. Fjellstyret har ikkje tal for kva stongfisket utgjer av fangstar.*



*Middagen er berga.*



*Storfiskar Jakob Lysebo. Rekrutteringa er sikra.*





# Sysendalen løypelag er klar for ny sesong

Tekst og foto: Kjetil Århus

**Sysendalen løypelag har siden sist vinter lagt ned et stort arbeid for å forberede sesongen som starter i disse dager. Det er et arbeid som inkluderer god dugnadsinnsats fra hytteeiere, grunneier og andre kombinert med ulikt arbeid med maskiner. Løypetjenesten er også oppgradert med nytt utstyr som gjør at løypelaget ser med spenning frem mot sesongstart. Og sesongstart er så snart det er forsvarlig å kjøre løyper.**

## Ny profil på facebook og nyhetsbrev fra løypelaget

Sysendalen løypelag er til sesongen etablert med ny profil på facebook og vil her legge ut fortløpende oppdateringer. Lik og følg «Sysendalen løypelag» Det er også lagt til rette for en ny løsning for å motta nyheter på epost fra løypelaget. Interesserte oppfordres til å melde seg på det nyopprettede nyhetsbrevet. Hvordan dette gjøres finnes enkelt på: www.sysendalen.no/loypelag

## Grunnarbeid i løypene gir bedre løyper

Løypelaget ønsker å takke Eidfjord kommune og Sparebankstiftinga Hardanger for tilgjengeliggjøring av midler som benyttes til forbedringsarbeid i løypene. Dette har medført justeringer av underlaget på mange steder, og noen trase-endringer. Eksempler på områder/ steder som nå har et bedre underlag og der det derfor kan kjøre løyper under mindre snøforhold er: øverst i Liseth-lien og videre mot den øverste broen over Isdølo, oppgradert bro på Fet/ Garen ved steinbruddet og videre trase opp i terrenget, på Grov, mellom Høl og Fet og brattbakken mellom Fossli-krysset og Øvre Åstestølen. Disse tiltakene sammen med andre bidrar til betydelig økt kvalitet og tilgjengelighet i store deler av løypenettet.



## Nytt utstyr – mer løyper

Løypelaget har før sesongen kjøpt inn to sett med spor- og løypeutstyr for å feste bak snøscooter. Dette er supplement til løypemaskinen og muliggjør løyper også med lite snø. Utstyret vi øke fleksibiliteten, og kombinert med grunnarbeidet som er gjort, bidra til å ta løypekjøringstjenesten til neste nivå. En vil se på skisporet.no hvilke type utstyr som kjører de ulike deler av løypene. Løypelaget har tro på at dette tiltaket vil gi en enda bedre opplevelse for brukerne av løypene.

## Trenger at alle bidrar med den frivillige løypeavgiften

Løypelaget ser frem til sesongen og håper innbyggere, hyttefolk og andre ser verdien i arbeidet som er lagt ned til årets sesong for å ta løypekjøringstjenesten til neste nivå. Alt arbeid som var planlagt er ikke sluttført, men vil overføres og tas videre fra vår/ sommer 2022.



Løypelaget håper løypebrukere ser verdien i arbeidet og prosessene som nå pågår og at en med glede og entusiasme bidrar med å innbetale løypeavgiften. Denne avgiften benyttes bare til løypekjøringsrelatert aktivitet, alt annet finansieres på andre måter. Vi må få til en positiv spiral. Flere innbetalinger fører til enda bedre og stabil tjeneste.

Alle brukere av løypene i Sysendalen ønskes en fin og snørik vintersesong.

Mer info: **www.sysendalen.no/loypelag**



# Skuleløp til inntekt for TV-aksjonen 2021

Tekst: Liv Kristoffersen

**Tradisjonen tru samlar elevane ved Lægreid skule inn pengar til TV-aksjonen. I år gjekk innsamlinga til Plan International og arbeidet deira for å motverka barneekteskap.**

Klassane har jobba med undervisningsopplegg for å læra om kvifor barneekteskap er øydeleggande, og kva ein kan gjera for å stoppa det.

Eidfjord kommune samla inn 158 434 kr og kom på 1. plass i Vestland fylke og 7. plass nasjonalt. Det kom inn 69 775 kr på spleisen til Lægreid skule. Dette er over 44% av det totale bidraget til kommunen. I kommuneoversikta for Vestland finn ein ei grafisk framstilling der ein kan sjå kor stor del skule/barnehage står for i Eidfjord. I oversikta kan ein og sjå kor stor denne delen er i Eidfjord samanlikna med dei andre kommunane. Det er ein fantastisk innsats av elevane på Lægreid skule.

I år hadde Lægreid skule skuleløp for å samla inn pengar til TV-aksjonen. Elevane sprang ei fastsett løype i eit gitt tidsrom. I framkant av løpet, hadde elevane skaffa sponsorar som forplikta seg til å betala ein sjølvvald sum som fastbeløp eller per runde eleven sprang. Lægreid skule vil takka alle som har bidrege til det flotte resultatet frå skulen.



Foto: Gunnhild Sekse





Foto: Viljar Rutle

# Røyrleggjarlærling

**Navn:** Arman Azarfar
**Alder:** 27
**Bosted:** Eidfjord
**Yrke:** Lærling som rørlegger
**Firma:** As Rutle VVS/ Bademiljø

### Litt om meg selv

Jeg liker godt fotball og friluftsliv. Om jeg ikke spiller fotball selv, er fotball på TV nesten like tilfredstillende.

Jeg er oppvokst på østlandet. I Skien gikk jeg første året på bygg og anlegg og andre året KEM (klima, energi og miljø). Jeg drømte lenge om å bli rørlegger, og med noe flytting og med erfaring fra flere type jobber, ble den drømmen oppfylt til slutt. All ære til alle som jobber hos AS Rutle VVS. Jeg har følt meg inkludert fra første dag, der alle bidrar med godt miljø!

### Litt om en rørlegger:

Rørleggere er kjent for å være våtroms-spesialister, og det med god grunn! Alt som har med vann inn mot hus, inne i hus og avløp kan en rørlegger hjelpe til med. Etter bare en liten periode ute, sammen med folkene hos AS Rutle VVS, vet jeg at jeg er på rett sted om jeg vil bli den beste rørleggeren jeg kan bli!

# Fylkesvinnarar i Beintøft

Foto: Hilde Anette Oksavik

**Gratulerer til 7.klasse, som vart fylkesvinnarar i Beintøft i år!**
Heile barnetrinnet var med på denne kampanjen, og gjorde ein kjempeflott innsats! Me er stolte av den flotte 7.klassa vår!

| Fylke | Klasse | Skule | Kommune | Km gått | Kg CO2 spart | Poeng |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Vestland | 7A | Lægreid skule | Eidfjord | 360 | 48 | 2400 |





*7.klasse på Lægreid skule*

# fjell & fjord

fjell & fjord EIDFJORD HOTEL

Hotellet og Restauranten
på Fjell & Fjord
velger å stenge planlagt
vintermeny i år.
Det blir derfor ikke mulig å
reservere eller booke i
restauranten for selskap før
vi er klar igjen i 2022.

Noen vil likevel svare både
telefon og mail, og skulle det
være noe spesielt som f.eks.
begravelse, så vil vi strekke
oss langt for å få det til.

Det er summen av alt som nå
gjør at vi heller vil
konsentrere oss om å få en
god plan i gang for neste år.

fjell & fjord KAFE • KREMMERI

| | |
|---|---|
| MANDAG | 11:00 - 17:00 |
| TIRSDAG | Stengt |
| ONSDAG | Stengt |
| TORSDAG | 11:00 - 17:00 |
| FREDAG | 11:00 - 19:00 |
| LØRDAG | 11:00 - 17:00 |
| SØNDAG | 11:00 - 17:00 |

*Her holder vi på!*
